

Region Sogn og Fjordane



Normisjon

Acta - barn og unge i Normisjon





LEIAR

Misjonsfokus i regionen

Under Elvisfestivalen i Måløy i august, budde nokre av deltakarane på Fjordly ungdomssenter. Enkelte av desse spurte kva Fjordly var for noko og kven som dreiv det? Svaret om at det var ein leirstad knytt til kristent ungdomsarbeid var ny for dei. Slik kan ein enkel samtale vere ein døropnar til nærare kjennskap til Jesus og den kristne trua. I breidda av vårt arbeid tilbyr på ulike måtar ein opning for å spørre kva lokalitetane våre blir brukt til.

Ein elev ved Sunnfjord folkehøgskule for 10 år sidan vart spurt kva ho synst om veggmaleriene som har hengt på veggene i foajeen i snart 50 år. For henne vitna om det om skulen som noko stabilt å kome tilbake til, nesten som hennar første åndelege heim.

Eit par som har hytte ved Stongfjorden kom i prat om Stongfjorden bedehuskapell, og fekk vite mykje om bedehuskapellet som var ukjent for dei. Dette tok dei med seg i vidare kaffisamtalar med vener og utløyste samtalar om foreiningsarbeidet før og no. Foreiningsarbeidet har hatt pause i sommar dei fleste plassar. Men har likevel arbeidd med planar for det som skjer utover hausten. Det er grunn til å gle seg over det lokala engasjementet.

Engasjement er det og på Acta-fronten. Men 5 NYE lokallag så langt i år, 4 Soul Children i Stad kommune og ein ungdomsklubb i Måløy. Gjennom sang, lek og barne- og ungdomsfellesskap er dette fine møteplassar for læring og deling for kristen tru og vekst.

Vi har og samarbeidavtalar med ein del kyrkjelydar om å støtte misjonsarbeidet i Normisjon. SMM – Samarbeid menighet og misjon – skal hjelpe kyrkjelyden til å ha eit ytre misjonsfokus gjennom å bli kjent med eit arbeidsområde som dei får tilknytning til.

I all sin variasjon er Jesus saman med oss i arbeidet vi gjer og det som skjer knytt til det. Jesus sa «Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står» i slutten av misjonsbefalinga i Matteus 28.

Jostein Bildøy



I skrivande stund er leirsommaren på hell, tre leirar er gjennomført, og ein siste står for døra. Det har vore fantastisk å kunne gjennomføre ein heil leirsommar att, utan restriksjonar, og med mange glade både born og vaksne som har fellesskap med Jesus og kvarandre. I løpet av fire leirar har om lag 200 born og unge vore på leir på Fjordly denne sommaren. DET er stort å tenke på at så mange ynskjer å ta del i fellesskapet og lære meir om Jesus. Tema for leirsommaren har vore «Jesus møter mennesker». Bibeltimane har dermed handla om på kva måte Jesus møter mennesker, og korleis han gjev utfordringa vidare til oss i våre liv. Eit spennande tema som har utfordra både små og store til å sjå utover eigne fellesskap og ut til menneska vi møter i kvardagen, på butikken, på skulen, på fjellet eller andre stadar der vi ferdast.

Det har vore god undervisning, og mykje lek og moro. Tidlege morgonar og seine kveldar. Det har vore aktivitet både til lands og til vanns, og volleyball, fotball, basket og andre aktivitetar har holdt oss i form.

Sommarteamet, bestående av teamsjef Frida og teammedlemmane Nils Inge, Håvard, Filip og Jenny har gjort ein kjempejobb med planlegging og gjennomføring av leirane. Saman med ei rekke frivillige ledera har dei formidla Jesus, vore gode forbilder, leika, hatt gode samtaler, og trøsta når det har vore behov. Utan dyktige leiarar blir det ikkje gode leirar. Vi er stolte av det arbeidet dei har lagt ned denne sommaren!

På tenleiren hadde ungdommane også sin eigen «godelsday». Vi ynskje å gi noko «tilbake» til bygda, og vise att i miljøet. Denne laurdagen stod nokre av ungdommane ved butikken og delte ut gratis sveler, andre hadde strandrydding både langs veggen og frå båt langs stranda. Det var gode tilbakemeldingar både frå dei som fekk sveler, og frå dei som observerte at det vart rydda langs veg og fjøre.

Alt i alt melder vi om ein god leirsommar. Vi har lært nye ting om Jesus, sett og vist andre verdien av å ha han med i kvardagen, og ikkje minst skapt minner for livet. No gler vi oss til leirhausten, til å skape nye minner og til å sjå «gamle» og nye kjente på leir. Ver gjerne med i bøn for alle som var på leir i sommar, både små og store. Og be om at dei må få kjenne i hjarte at Jesus er ikkje bare på leir, men akkurat der dei er i dag.

Visste du at dykkar **lokallag/kontaktperson** har MinSide på **normisjon.no**?

Her kan du:

- Oppdatere medlemslister i foreninga
- Oversikt over lokallaget sine gåve- og medlemsinntekter
- Sende SMS til medlemmane i lokallaget
- Legge inn undergrupper i lokallaget
- Oppdatere kontaktinformasjon, styreverv, leiar og kasserar, organisasjonsnummer

Treng du hjelp? Kontakt ein av oss på regionkontoret 😊

Gå til www.normisjon.no, rull heilt ned på sida og velg «Min Side» i venstre meny.

Visste du at du **som person** har MinSide på **normisjon.no**?

Her kan du:

- Oppdatere kontaktinformasjon
- Velge direktelemskap
- Velge kva du vil gi gåver til- få automatisk skattefrådrag
- Velge kva blad/epost/SMS du vil ha tilsendt, eller avslutte.

Treng du hjelp? Kontakt ein av oss på regionkontoret 😊

Gå til www.normisjon.no, rull heilt ned på sida og velg «Min Side» i venstre meny.



Tilsetting:

Stian Stokkebekk er kjent for mange. Frå 01.08. i år er han tilsett i fast stilling som fellesskapsutviklar i Sunnfjord-regionen. Hovudvekta blir fellesskapsutvikling i aksen Førde-Florø.

Stian har hatt dette arbeidet som prosjektstilling sidan august 2018. Arbeidet med fellesskapsutvikling går på denne måten frå ein prosjektfase til fast utvikling.

Ta vare på Stian i bøn og oppmuntring. Stian har kontor på Sunnfjord folkehøgskule.

Rådsmøte m/minikonsert

Acta og Normisjon 2022

16-17.sept Innvik fjordhotell

Velkomen til rådsmøte for medlemmer, lokallag og foreningar i Acta og Normisjon i Sogn og Fjordane ☺

Regionstyret inviterer til innlegg av gjester og tilsette og felles samtale om kva plass bedehusa kan eller skal ha framover. Det blir god tid til felles samtale og drøftingar.

Ein av bidragsytarane, Ann Kristin Takle Winterthun, held og konsert på fredag kveld.

Fredag 16.9.

Kl 1800 Fellesmøte for regionstyrene
Acta/Normisjon

Kl 2000 Middag

Kl 2100 Minikonsert med
Winterthun og Wilhelmsen



Laurdag 17.9.

Kl 0930 Presentasjon regionstyrene i Acta og Normisjon

Kl 1030 Bedehuset – Fornying i lokal fellesskapsutvikling. Ulike innlegg og samtale.

Kl 1300 Lunsj

Kl 1400 Bedehuset – Fornying – og felles online booking?
Ulike innlegg og samtale

Kl 1600 Middag og avslutning.

Prisar og påmelding via www.normisjon.no/sof

Eller kontakt regionleiar på tlf 95191332



Møtepunkt B

August er oppstartsmånad og semesteret sine planar skal rullast ut. Friviljug arbeid, som vi er tufta på, gjev ei særeigen kjensle av at vi skapar noko saman. Alltid spennande. Har vi nok folk? Korleis kan vi motivere og rekruttere

betre? Uansett: Vi brettar opp ermene og gjer oss klar for å ha 10 gudstenester med opplegg for born, lovsongskveldar, menighetsweekend på Fjordly, dugnadsarbeid på bedehuset, ungdomskveldar for ungdomane, smågrupper i heimane og etterkvart julemesse. Vi ønskjer iallefall å seie her

i avisa at uansett kor du er i Nordfjord, er du velkommen innom. Programmet vårt ligg på

www.motepunkt.no og på facebookssidene våre.



Innhaldet for forkynninga dette semesteret vert omvendning og tru. I to seriar; «Snu» og «Tru» skal vi utforske 4 perspektiv på kva omvendning er og 4 perspektiv på kva tru er. Bøna vår er at Gud gjennom dette skal få lære oss noko om det grunnleggande i livet som ein kristen disippel: nemleg at vi reorienterer livet rundt Jesus og følgjer og lyder han når han kallar.

Bilete: frå vårdugnaden rundt bedehuset. Kjekt for store og små.



Norfellesskapet Førde klare for et nytt semester!

I Norfellesskapet er vi klare for et nytt semester. Vi håper både unge, gamle og nye fjes finner veien til fellesskapet vårt. Vi møtes dette semesteret til Gudstjeneste klokka 16.00 hver søndag i oddetalsuker. Vær gjerne med å be for at vi skal vokse som fellesskap, være relevante og at Jesus skal vise oss hva det vil si å følge ham å være menighet i Førde by i dag.

Vi ser frem til et nytt semester og håper vi sees.

Norfellesskapet v/ Stian Stokkebekk



Teigen

Leirstad

Vippsnummer til
Teigen 566268

Nytt frå hytte 5

Etter ein heller nedslåande dom fra røyrlaggar, braut vi oss på hytte 5 i vinter. No skulle det bli røyri-røyri. Og her var det nok av nye og gamle overraskingar.



Arbeidet på hytte 5 er så godt som i hamn. Nytt bad, nytt kjøkken, nytt golv i gangar og på soverom, nye veggjar og tak i gangen, og ny ytterdør på vaskerommet. I tillegg er det rydda opp i det elektriske i gangen, og nytt sikringsskap med automatsikringer har kome opp. Dette er eit realløft!

Det viktigaste for handverkarar i slikt arbeid, er å kunne improvisere. Det er ein uskriven regel at når ein restaurerer gamle hus, er ein garantert overraskingar. Så også her. Det resulterer sjølvsgatt i at arbeidet vert meir omfattande enn først tenkt, men med pågangsmot, mykje kaffi og restar frå julebaksten, er det det utrulegaste som går.

Foto Elisabeth Tonheim



Sommer på Holmely



holmely

omsorg og retreat

Vippsnummer
til Holmely
506517

I skrivende stund har vi akkurat lagt bak oss nok en booking-sommer. Vi har hatt åpent i 3.5 uke for feriegjester, og mange har tatt turen innom for overnatting og frokost. Det er kjekt å få rapporter om fornøyde gjester fra inn- og utland. Styrefolk og andre frivillige har vært verter også denne sommeren! I midten av juni hadde vi en spennende retreat, med vandring ut til flere fyr i området vårt. Tema for retreaten «*Midt i nattens mørke blinker*» var hentet fra sangen «Navnet Jesus», og bibeltekster og refleksjoner var knyttet til tema. Kan Jesus stille stormer i dag? Hva når vi opplever fravær av lys? Finnes det håp og lys, midt i livets stormkast? I tillegg til den faste retreat-rytmen fikk vi en fin vandring ut til Hendasnes fyr, fis-

kesuppe og intimkonsert på Ulvesund fyr, kraftige kastevinder på Refviksanden og en vindfull tur ut til Kråkenes fyr.

Arrangement hausten 2022

19.-23. sept.: "Vi over 60"

Steinar Tosterud. Kari Laila og Ove Aksnes

24.-25. sept.: Bibelhelg v/NLM

Jakob Middelthon. Kari Laila og Ove Aksnes

14.-16. okt.: Møtehelg v/Gunn og Harald Riis. Frå Kanal 10.

21.-23. okt.: Temahelg v/Eva Olsvold Sundar

28.-30. okt.: Profetisk høstretreat v/Per Ivar Winnæss

4.-6. nov.: OASE-helg

Eva og Rune Langseth. Barneopplegg.

Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS

6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90,

e-post: post@innvikfjordhotell.no

www.innvikfjordhotell.no

Vi har hatt ein svært aktiv og ganske travel sommar, og det er alltid eit godt teikn. Juni var ein god månad, med mange gjestedøgn og bra økonomisk resultat. Dei første to vekene i juli hadde vi litt lite gjester, men etterpå har det vore ganske fullt kvar dag. I tillegg har vi hatt mange selskap, og svært mykje catering, så det har vore rikeleg å gjere.

No er sesongarbeidarane reiste, alle unnatt ei, som heldigvis kan vere her til slutten av september. Det kjem framleis mange bussgrupper både i august og september, og det er tid for ferieavvikling for dei fast tilsette. Frå september og ut året, har vi arrangement nesten alle helgane. Så vi reknar med å ha nok å gjere heilt fram til vi stenger i midten av desember.

No håpar vi på fullt hus på arrangementa. Ta gjerne kontakt for å få tilsendt program! Velkommen!



Vippsnummer til Fjordly
506518

Vi er så inderleg begeistra for alle frivillege som er med å skape leir og let borna få møte Jesus.

Når eg får stå i kjøkendøra å sjå svoltne leirungar gaffe i seg fulle skåler av heimelaga mat fordi dagen har gjort appetitten på topp, og når dei i kveldinga let lovsongen tone ut frå møtesalen før dei klynger i framfor peisen og syng «Fall til ro».

Når vener tek kontakt for å spørje om eg treng hjelp med noko og hjelper oss med - ja, då kjenner eg hjartet vert fullt og gledestårene kitle i augekroken. I sommar hadde kristne frå alle greiner i fjorden samla seg om å lage ei pilegrimskonferanse som minna oss om vår felles trushistorie. Veka seinare kom bøne- og lovsongsfolk til Fjordly frå heile Norge og ti andre land for å be for landet vårt, velsigne og lovprise Gud. Kor fantastisk er vel det!

Takk til alle nye Spiresponsorar som er blitt med å støtte oss fast den siste tida. Det gjer at vi vågar satse fordi de gjer økonomien vår stabil.

Fjordlystyret helsingar og takkar. Vi ynskjer alle velkommen til ein spennande haust med Jesus.

Varme helsingar og ord frå Efesarane 3:20-21 til dykk alle.



Sunnfjord
FOLKEHØGSKULE

Rehabilitering av Haavetun

I 1902 vart Sunnfjord Folkehøgskule starta opp i Naustdal av Ungdomsvennernes Forening. Det var ei gruppe kristne inspirert av Nikolai Grundtvig og Hans Nilsen Hauge. Dei brann for folkeopplysning og utbreiing av kristendommen mellom dei unge i Sunnfjord. Seinare tok Sunnfjord Indremisjon over eigarskapen.



I 1910 vart skulen flytta til Førde. Området Solvang vart kjøpt ut frå sorenskrivar garden og Haavetun vart bygd med god støtte i frå Førde Sparerbank. Dei ville gje 10.000 kr. til skulen dersom skulen vart bygt i Førde. Det var ein stor pengesum den gongen og slik vart det. I 1986 bygde skulen nytt idrettsbygg med fleire klasserom og Haavetun vart teken ut av skuledrifta. Haavetun var

slitt og ein tilsynsmann frå folkehøgskulane var på synfaring og rådde til å rive bygget.

På byrjinga av 1990 talet fekk rektor Leon Haugsbø i stand ei avtale med Sjukepleiehøgskulen som trengde både kontor og klasserom. Med ei signert langtidskontrakt tok eit omfattande restaureringsarbeid til. Om lag 750 m² vart restaurert, fordelt over tre etasjar. Ein såg at det var nødvendig å heve standarden på lokala, men var samtidig oppteken av at det ikkje skulle gå ut over atmosfæren og særpreget til bygget. Dørene var opphavleg fyllingsdører, men vart på 50-talet kledde med plater. Det var moderne då. Dørene fekk attende si opphavlege form. Nytt elektrisk anlegg, ventilasjon, sanitæranlegg, brannsikring med sprinkelanlegg i alle rom og fjernvarme frå hovudbygget på skulen vart installert. Høgskulen var leigetakar ut 2005.

Utan den omfattande restaureringa på 90 talet hadde det ikkje vore mogleg å ta fatt på vidare restaurering i dag. No er hovudetasjen på ny vorte klasserom og store deler av bygget er gjort om til utleigeiningar.

Skiferen vil bli teken av taket, undertaket må få papp og oppretting, før vi legg på att skiferen. Vindauga og ytterdørene lyt bytast ut og isolering vil bli sprøyt inn mellom laftekasse og kledning. I tillegg vil det bli etablert sju mindre utleigeiningar i kjellar og loft som vil kunne vere med å dekke utgifter for arbeidet som må gjerast.

Med nye dører og vindauga, nytt tak og mange leigebuarar håpar vi å ha lagt til rette for 100 nye år til Haavetun.



NORDFJORD
folkehøgskule

Nordfjordsommar



Nordfjordsommar er ein friluftsfestival med samarbeid mellom region Sogn og Fjordane, Nordfjord folkehøgskule og KRIK. Etter magre festivalår var vi spente på responsen i marknaden då påmeldinga starta. 85 stk frå heile landet deltok denne sommaren, noko færre enn i toppåret, men ein strålende gjeng med familiar.

Sommarveiret har som kjent vore varierende, og første veka i juli var ikkje noko unntak. Men med sporty folk og god stemning betydde veiret til slutt veldig lite. Morgonsamlingar med forkynnelse for heile familien, turar i mektig natur, kveldssamlingar for vaksne, eige ungdomsopplegg; alt i alt mykje godt både for skrotten og åndslivet! Vi satsar friskt vidare mot festival sommaren 2023!


Noko å bruke eit bedehus
til?

Ein møteplass for miljø
og personar.

www.gallerinormisjon.no

galleri
normisjon





Fjordly barnehage har ledige barnehageplasser fra august 2022

Søknadsskjema finner du på:

<https://web-parent.prod.vigilo-oas.no/start-application/stad>

Dersom du ønsker informasjon eller avtale
om besøk så kan du ta kontakt på:

E-post: Styrar@fjordly-barnehage.no
eller tlf 57853395

Internasjonal misjon:

«Vil du ta en selfie?»

Tekst: Inga Lill N. Nyvoll



Amita smilte og lo under en liten «selfie-shoot» sammen med oss. På bildet ser du meg, KG-eleven Rebecca og Amita helt til høyre. Det var tydelig at det var stor stas.

innenfor husets fire vegger. Uten et offentlig støtteapparat er det vanskelig for mennesker som Amita å delta aktivt i samfunnet.

På en reise til Nepal like før sommeren, fikk vi høre mange rørende historier fra familier som hennes. Lenger og lenger opp i det ulendte landskapet i Okhaldhunga ble historiene bare sterkere og sterkere. En fellesnevner for de fleste av dem var at de ikke har trodd at de har verdi. Det er jo kanskje ikke så rart når familien ikke tør å fortelle naboene om barna eller at barna tvinges til å være inne ute av syne for andre.

Like muligheter

Gjennom Okhaldhunga sykehus og Normisjons-prosjektet «Menneskeverd og like muligheter», har en gruppe medarbeidere kartlagt situasjonen for mennesker med funksjonsned-

Ordene spratt ut av meg i et nervøst utpust. Jenta foran meg smiler fra øre til øre. Det korte brune håret og de sølvfargede øreringene blaftrer i takt med bevegelsene hennes. I skyggen med utsikt på alt som skjer på gårds-plassen, virker Amita fornøyd. Hun ser på moren sin og retter den ene handa i været. «Ja, det vil hun gjerne» svarer moren rørt.

Å bli anerkjent av andre mennesker er ikke en selvfølge for jenta med det store smilet. Amita ble født med funksjonsnedsettelse som gjør at hun mangler kroppskontroll. Musklene hennes kan ikke bli sterkere og føttene sluttet å vokse da hun var ung. Det er tydelig at familien er glad i henne.

Men naboene vet ikke at hun eksisterer.

I Nepal er det å ha funksjonsnedsettelse så skambelagt at mange familier skjuler familie-medlemmer med spesielle behov



Våre medarbeidere fra Okhaldhunga sykehus bistår Amita i flere fysiske øvelser. Blant annet har søsteren lært hvordan hun kan bære henne, og de har fått satt opp bambus-stokker som hun kan øve på å gå mellom.



settelse i to kommuner i Nepal. Målet er at barn og voksne med funksjonsnedsettelse skal få verdighet og bli i stand til å kunne delta i samfunnet.

Neste fase i prosjektet er å tilrettelegge og bistå med hjelpemidler som bidrar til en bedre hverdag. Det kan bety et tilpasset toalett, en rullestol eller hjelp med motoriske øvelser. En viktig brikke er også å lære familiene om hvilke rettigheter de har.

I dag, etter kun to år med prosjektet, jobbes det blant over 1000 mennesker i Okhaldhun-

ga-distriktet. Tenk at vi er med på denne forandringen i Normisjon! Vi er med å hjelpe folk som har sittet inne, ut i frisk luft. Vi er med å fortelle flere at de har verdi og rettigheter. Slikt gjør inntrykk.

I Guds bilde

I dag har Amita fått oppleve gode livsendringer. Familien får mer hjelp, Amita får blant annet fysioterapi og hun kan være mer utendørs enn før. Selv om de fortsatt er bekymret for fremtiden, vet de at de er en del av en større utvikling for mennesker med funksjonsnedsettelse i Nepal.

At alle er like mye verdt er en tanke som har stått sterkt i Normisjon siden starten. Vi har arbeidet blant marginaliserte folkegrupper i over 150 år, men vi kjemper også for enkeltmennesker. Slike som Amita.

Verset i første Mosebok 1:26 banker i hjertet mitt når vi reiser oss og sier farvel til Amita. «Skapt i Guds bilde». Det er en sannhet som ikke alle tror om seg selv. Og det er vår oppgave å formidle det videre. I august har vi tildelt månedens bønnekampanje til nettopp disse menneskene. Håper du vil bli med!

Linker:


Les mer om menneskeverd og like muligheter i Nepal her:

<https://www.normisjon.no/prosjekt/menneskeverd-og-like-muligheter-i-nepal/>

Les mer om Normisjons bønnekampanje på www.normisjon.no



Amita og familien bor et par timers kjøring med Jeep i det høye landskapet i Nepal.



Dato-glimt frå kvardagen vår:

Faste arrangement:

Holmely omsorg og

retreat: Bønnelunsj kvar fredag kl 11.30-12.30
Drop-in Ta med mat-pakke

Fjordly: ungdomssenter

Fjordlydag, siste torsdag i kvar måned.

Norfellesskapet, Førde: Gudsteneste kl 1600 annankvar søndag.

Møtepunkt B, Sandane: Ulike aktivitetar, sjå www.motepunktb.no

September:

1.september: Opningsmøte Skaøypoll bedehus. Regionleiar Jostein Bildøy deltek
Laurdag 3.september kl. 15: Velkommen til seinsommar-fest for Holmely-venner og andre frivillige! Påmelding.



Følg oss på
Facebook

Holmely | Facebook

Fjordly Ungdomssenter | Facebook

Teigen Leirstad | Facebook

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen | Facebook

Acta / Normisjon Sogn og Fjordane | Facebook

Fjordly Barnehage | Facebook

Sunnfjord Folkehøgskule | Facebook

Nordfjord folkehøgskule | Facebook

17.-19. Fjordly: Minileir (4 år- 3.kl m.følgje)
Torsdag 8. september: Bønn og lovsong kl. 19

16.-17.sept: Rådsmøte for Acta og Normisjon, Innvik fjordhotell. Påmelding via www.normisjon.no/sof

23.september: Basar Raudeberg bedehus. Regionleiar Jostien Bildøy deltek

23.-25.september: Bibelhelg med open BIBELDAG på laurdagen. Rolf Kjøde underviser.

Oktober:

7.-10.oktober: Temahelg «Vekkelsen vi trenger» Geir Otto Holmås underviser

Laurdag 8.oktober: Bønn og lovsong kl. 20 (som ein del av temahelga)

21.-24.oktober: Temahelg «Oppreist-fri-levande» Kari Holmås underviser.

November:

25.-28.november: Temahelg «Oppreist-fri-levande» Kari Holmås underviser.
Desember

23.-25. Holmely: Bibelhelg med Bibeldag på laurdagen. Rolf Kjøde.

Desember:

Laurdag 10.desember: Stille dag i advent

Torsdag 15.desember: Trekning regionlotteri 2022

Januar 2023

12/13-15: MER-konferansen, nasjonal konferanse for frivillige og tilsette. Påmelding www.merkonferansen.no

April 2023:

22: Regionårsmøte Normisjon Sogn og Fjordane

Regionkontoret

Nordstrandvegen 12, 6823 Sandane, har
ope kontor onsdag-torsdag kl 10-15.

Regionen sine nettsider:

www.normisjon.no/sof

www.acta.no/sof/om-oss

<https://www.facebook.com/normisjonsof>

Tilsette i regionen:



Jostein Bildøy
Regionleiar
Jostein.bildoy@normisjon.no
95 19 13 32




Stine Hopland
Actaleiar
Stine.hopland@normisjon.no
95 93 42 30



Stian Stokkebekk
Felleskapsutviklar Sunnfjord
Stian.stokkebekk@normisjon.no
40616721



Vegard Tennebo
Felleskapsutviklar
Gloppen/Nordfjord
Vegard.tennebo@normisjon.no
90642084



Fjordly barnehage
Tlf 57 85 33 95
www.fjordly-barnehage.no



Teigen leirstad
Tlf 97 62 75 64
www.teigen.weebly.com



Fjordly ungdomssenter
Hildegunn Vederhus,
dagleg leiar
Tlf 57 85 32 25
www.fjordly.no
fjordly@normisjon.no



Holmely omsorg og retreat
Eva S. Langseth, dagleg leiar
Tlf 57 85 34 25
www.holmely.no
holmely@normisjon.no



Innvik fjordhotell
Misjonsheimen
Anna Marie S. Vatnamo,
dagleg leiar
Tlf 57 87 49 90 / 99 36 46 60
www.innvikfjordhotell.no
post@innvikfjordhotell.no



Sunnfjord folkehøgskule
kontakttlf. 57 82 99 60
www.sunnfjord.fhs.no
kontor@sunnfjord.fhs.no



Nordfjord folkehøgskule
kontakttlf. 57 86 80 40
www.friluftslivskulen.no
kontor@friluftslivskulen.no

NORMISJON er en evangelisk luthersk organisasjon som organiserer over 50 tusen personer over hele Norge gjennom blant annet menighetsfellesskap, foreninger, barnehager og skoler. Vi vil nå unådde og gjøre mennesker til disipler. **ACTA- BARN OG UNGE I NORMISJON** har nærmere 23.000 medlemmer over hele Norge som er organisert i lokale fellesskap. Vi vil se grensesprengende fellesskap hvor barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus.

Bøneemner:



- Takk og be for fleire møteplassar for ungdom på Stad og i Måløy.
- Takk og be for det nye actastyret som vart valgt på Acta-årsmøtet.
- Takk og be for born, unge og vaksne som var på leir i sommar.
- Takk og be for Normisjon sitt arbeid blant unådde folkeslag.
- Takk og be om visdom for bedehusa si framtid i regionen.
- Takk for ungdomar og vaksne som spør etter fellesskap, at vi finn løysingar.
- Takk for alle som står saman med oss i bøn, frivillig arbeid og økonomiske gåver.

Vipps

enkelt og raskt å gje!

Normisjon S&F - gåve
#15646



Engasjer deg

Vil du engasjere deg kan du ta kontakt med ein av oss som du finn på sida «Om oss» eller du kan gå inn på www.normisjon.no/sof og velge toppmeny «Engasjer deg».

Gje ei gåve

Om du vil gje ei gåve og sikre deg skattefradrag samtidig er tilbodet å gå inn på www.normisjon.no/sof og velge toppmeny «Gje ei gåve». Her kan du og velge kven du vil skal vere mottakar av gåva di. Og om det er ei enkeltgåve eller fast givarteneste.